

Referat frå foreldremøte for 3. klasse ved Myking skule, 06.09.2016

Felles del saman med 4. klasse:

- * Bjørg gjekk gjennom timeplanen. I faga norsk, matematikk og engelsk er klassen åleine, dei andre faga har dei saman med 4. klasse
- * Bjørg informerte kort om nokre av faga/ bøkene dei brukar:
 - Trafikkboka. Sjå tryggtrafikk.no
 - Naturfag. 3.klassepensum for både 3. og 4. klasse
 - Gymnastikk: Foreldra bestemte at ingen skal bruke sko i gymnastikktimane. Gymsokkar eller vanlege sokkar skal nyttast.
 - " Dette er mitt val": I staden for Zippy, som dei har hatt dei siste åra.
 - Bading: Det vert bading frå 1. måndag etter haustferien
- * Klassane kan nytte gymsalen (saman med ein vaksen) frå 11.25 - 11.40 to dagar i veka.
- * Frå 20. september startar 7.klasse opp med aktivitetsleiar. Det vert då organisert aktivitet i eitt friminutt i veka.
- * Margunn informerte om pedagogisk plattform og diverse handlingsplanar. Desse finn ein på skulen sine heimesider. Heimesida til skulen er flytta til Lindås kommune sine heimesider: www.lindas.kommune. Gå inn på Nettstadskart -> Skulane våre -> Myking skule
- * Skulen har 3 brannøvingar i året. Ein er varsla til alle, ein er varsla til lærarane, men ikkje elevane, og den siste er det berre rektor som veit om.
- * Mobiltelefon: Det er ikkje tillate med mobiltelefon på skulen. I særskilde tilfeller kan elevane ha med mobiltelefon. Dette skal då gjevast melding om frå foreldra, og gjeld berre i ein kort periode.
- * Margunn informerte om nettsida nullmobbing.no
- * Margunn minna om at borna skal bruke bilbelte i bussen. Dei kan bli nekta å få følge skulebussen om dei ikkje gjer dette.
- * Margunn informerte om dei ulike faga ho underviser i
 - Musikk: Borna likar og syngje. Ho limer songtekstar inn i ei bok.
 - KRL: 3.klassepensum for begge klassane. Margunn les høgt for dei.
 - Kunst og handverk: Har m.a. laga bokmerker og ark med bokstaven sin. Dei som har teke den med heim, kan gjerne ta den med tilbake på skulen. Neste veke skal dei arbeide med ull. (Skal lage hus til "Ullbyen")

Berre for 3. klasse:

- * Norsk: Brukar læreverket "Zeppelin". Det er ei språkbok med arbeidsbok. Desse jobbar dei med på skulen. Det er óg ei lesebok med arbeidsbok. Desse har dei lekser i.
- * Matematikk: Bjørg går igjennom alt på skulen, slik at det dei har lekser i skal vere kjend stoff.
- * Engelsk: Bjørg les gjennom teksten først. Om måndagane har dei lydtraining på data med Nils, om fredagane jobbar dei med læreboka.
- * Arbeidstime: Her får dei gjort ein del lekser. Skriveleksene blir prioritert. Leselekser må dei gjere heime. Bjørg kvitterer på planen når lekse er gjort.
- * For å bli bevisst sitt eige arbeid, skal elevane vurdere seg sjølv. Bjørg samlar inn planen kvar fredag.
- * Det blir konferansetimar i veke 38, hovudsakleg 20. september. Ho har nokre ledige timar på morgonen/dagtid. Ta kontakt med Bjørg om det kan vera aktuelt.
- * Carlsten leseprøve: 13. september. Resultatet blir presentert på konferansetimen.
- * Matematikk: M2-prøven dei hadde i slutten av 2. klasse skal takast på nytt som repitisjon. Resultatet blir presentert på konferansetimen.
- * Elevane skal ha vekt- og høgdemåling via skulehelsetenesta. Informasjon om dette blei levert ut på foreldremøtet.
- * Hugs lusesjekk kvar veke!
- * Bjørg har forventningar til at sekken er ryddig, leksene er gjort, at elevane har byttetøy på skulen og at dei har god og sunn nistepakke.

Referent: Åse Sletten